



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 82/21

Møtedato: 17.06.2021

Dato: 21.05.2021

Arkivsaknr: 2013/1232

Studentombudets årsrapport for perioden 01.08.19-30.09.20 og endring i mandatet for ombudet

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- Mandat Studentombudet
<https://www.uib.no/so/133380/mandat>

Saken gjelder:

Studentombudets oppgave er å ivareta rettssikkerheten til studentene ved Universitetet i Bergen. Studentombudet skal være en uavhengig bistandsperson som skal gi studentene råd og hjelp der de har tatt opp eller vurderer å ta opp forhold knyttet til sin studiesituasjon. Studentombudet skal rapportere til rektor årlig, og rapporten skal deretter legges fram for Universitetsstyret som en orienteringssak.

Årsrapporten fra Studentombudet for perioden 01.08.19–30.09.20 viser en markant nedgang i antall saker. Forhenværende Studentombud skriver i rapporten at det knyttes usikkerhet til om nedgangen skyldes en endring i statistikkføringen eller om det er en reell nedgang. Tidligere ble alle innkomne saker registrert. Statistikken nå viser kun de sakene hvor Studentombudet har foretatt videre oppfølging. Dette illustreres ved at det i året 2018 ble registrert 135 saker hos Studentombudet, mens det i studieåret 2019/2020 kun ble registrert 50 saker.

For saker der det har vært kontakt med institusjonen er det utarbeidet en kort oversikt: Disiplinærsaker (3), eksamen (3), klagesak (1), læringsmiljø (4), obligatorisk undervisning og praksis (2), opptak (2), studielån (1), studieprogram og studierett (2), tilrettelegging (3), trakassering (1) og undervisning (1).

I rapporten blir det lagt fokus på det Studentombudet kaller «ei utvald sak», og det blir fremmet anbefalinger til Universitetsstyret om forbedring av virksomheten. Studentombudet fremmer også et forslag om endring av Studentombudets mandat.

Universitetsdirektørens kommentarer

Studentombudets primære oppgave er å bidra til at studentenes rettssikkerhet blir ivaretatt ved å gi studenter råd og hjelp i saker knyttet til studiesituasjonen deres. Universitetsdirektøren mener at ombudets rolle som uavhengig bistandsperson har stor betydning for studentene. Det er universitetsdirektørens oppfatning at UiBs administrasjon støtter opp under ombudets funksjon og bidrar til at ombudet får tilgang til de opplysninger

ombudet trenger for å kunne utføre sine oppgaver i henhold til mandatet fastsatt av universitetsstyret og ivareta studentenes interesser i de saker ombudet behandler. Det skjer innenfor gjeldende lovverk, typisk reglene om taushetsplikt som UiB er bundet av både overfor våre studenter og ansatte.

Når det gjelder det tidligere studentombudets omtale av en enkeltsak og anbefalinger om klassifisering og håndtering av saker, kan universitetsdirektøren ikke slutte seg til disse. Det er universitetsdirektørens vurdering at UiB har en godt etablert struktur for å sikre riktig oppfølging av saker, og at det i organisasjonen er høy bevissthet om universitetets ansvar for å sørge for et fullt forsvarlig studie- og arbeidsmiljø. Dersom noen utsettes for trakassering eller annen utilbørlig opptreden, skal det være enkelt å melde fra til en ansvarlig instans som følger opp saken på en forsvarlig måte og i tråd med universitetets retningslinjer.

Universitetsdirektøren mener at mandatet ikke bør endres slik tidligere studentombud foreslår, men ser behovet for å forslå en mindre justering mandatet som tydeliggjør UiBs tilretteleggingsplikt.

Forslag til vedtak:

1. Universitetsstyret tar Studentombudets årsrapport for perioden 01.08.19–30.09.20 til orientering.
2. Ny siste setning i femte avsnitt i mandat for studentombudet: «UiB skal gi Studentombudet innsyn i de opplysninger som er nødvendig for at Studentombudet kan utføre sine oppgaver etter universitets- og høyskoleloven.»

Robert Rastad
universitetsdirektør

21.05.2021/Cecilie Andrea Løvseth Arnesen/Arne R. Ramslien/Christen Soleim (avd.dir.)

Vedlegg:

1. Årsrapport for studieåret 2019-2020 (Studentombudet)
2. Forslag til justert mandat for studentombudet



ÅRSRAPPORT FOR STUDIEÅRET 2019- 2020

STUDENTOMBODET

UNIVERSITETET I BERGEN



FORORD	2
SAKER.....	3
EI UTVALD SAK.....	4
STRATEGISKE ANBEFALINGAR	5
HANDSAMING AV TRAKASSERING	5
MANDATET TIL STUDENTOMBODET	6
MANDAT.....	7

I henhold til studentombudets mandat, vedtatt av universitetsstyret, skal ombudet rapportere årlig til rektor om ombudet sin virksomhet. Rapporten skal legges frem for styret som orienteringssak. Intervallet i rapporteringen er endret til å følge studieåret.

Denne rapporten avviker noe fra studieåret for også være nåværende studentombud sin sluttrapport.

FORORD

For at styret skal kunne få eit reelt innblikk i kva saker ombodet arbeider med har det vore nødvendig å gjere ein del grep om korleis saker blir kategorisert. De vil sjå meir om det under, men den største endringa er at talet på saker er gått drastisk ned. Det er usikkert om det skuldast endra statistikkføring eller om det er ein reell nedgang. Uansett er eg trygg på at bildet som her blir skissert syner røynda i saksmengda.

I samband med rapporteringa har eg òg hatt ein ynskje om å gi konkrete råd på område som peiker seg ut. I denne rapporten vil de finne eit område eg meiner Universitetet i Bergen ikkje leverer godt nok på.

Til sist vil eg nemne at det overordna inntrykket av sakshandsaminga til Universitetet i Bergen i dei sakene eg har vore involvert i er svært godt. Med unntak av den eine saka eg trekk frem i rapporten synes det som om Universitetet i Bergen handsamar studentane sine på ein svært god måte, og at sakshandsaminga overordna er forsvarleg og korrekt.

God lesing!

Sindre R. Dueland
Studentombod

SAKER

Det har i perioden frå 1. august 2019 til 30. september 2020 blitt registrert 62 saker hjå studentombodet. Frå 1. august 2019 til 31. juli 2020 (studieåret 19/20) blei det registrert 50 saker.

Det har vore ein markant endring i talet på registrerte saker samanlikna med tideligare år. Kva som er årsaka er uvisst. Det er lite som tyder på at marknadsføringa av studentombodstenesta har vore dårlegare i perioden. Samstundes er det klart at endra føring av statistikk kan ha verka inn på talet. Det er no berre reelle saker som blir registrert, ikkje spørsmål som blir svara ut på éin e-post, telefonsamtale, kort møte, samtale på gangen, etc.

Periode	studieåret 19/20 (1. aug. 19 – 30.sep. 20)	2018	2017	2016
Saker	50 (62)	135	144	103

Den vidare statistikken er òg endra frå syning av opphav og tidspunkt for sakene til kor omfattande saka er. I syninga av omfang er det nytta ei oppstilling som liknar noko på sivilombodsmanen si statistikkføring. Målet er å legge til rette for ein god norm for statistikkføring.

Det må vidare leggast til at det ikkje er hensiktsmessig å syne kva fakultet sakene kjem frå. Det er ingen fakultet som skil seg ut i arbeidet med kompliserte saker og ei rein opplisting av kvar sakene kjem frå vil ikkje syne reelle utfordringar knytt til sakshandsaminga. Det er ikkje grunnlag for å seie at sakene som kjem inn har noko med sakshandsaminga på fakulteta generelt å gjere.

Statistikk målet samanlikning med andre institusjonar er òg tatt bort. Det er for stor variasjon i korleis institusjonane fører statistikk til at ei samanlikning vil vere reell. Til sist er òg tidspunktet for første kontakt tatt bort. Innhaldet i dei sakene studentombodet har handsama tyder på at å syne tidspunkt for kontakt ikkje har ei statistikkverdig hensikt. Når sakene oppstår for studenten og når studenten tek kontakt med studentombodet er ofte forskjellig. Å registrere tidspunktet for kontakt med omsyn til å syne det i statistikken vil difor ikkje gi eit korrekt bilde av sakshandsaminga ved universitetet, gitt dei sakene studentombodet har hatt dette studieåret. Det er både saker der studenten har tatt kontakt med studentombodet før kontakt med institusjonen og saker der studenten har tatt kontakt etter at saken opphavleg er avslutta av institusjonen.

Type	Tal	Note
Utan bistand eller manglande aktivitet frå meldar	5	
Kortfatta rettleiing	32	
Kunne ikkje føre frem	1	

Utan fråsegn, med kontakt med institusjonen eller andre (ut over den som melder saka)	15	
Utan kritikk eller oppmoding	2	
Med kritikk eller oppmoding	5	Ei av sakene kritiserte ein annan institusjon si sakshandsaming (i forståing med institusjonens eige studentombod). Ei sak er omtala under.

Studieavdelinga har ønskt ei oppstilling av kva sakene gjeld, og for saker som fell inn under dei tre siste kategoriane, der det har vært kontakt med institusjonen (23 saker) er det difor utarbeidd ein kort oversikt.

Disiplinærsaker (3), eksamen (3), klagesak (1), læringsmiljø (4), obligatorisk undervisning og praksis (2), opptak (2), studielån (1), studieprogram og studierett (2), tilrettelegging (3), trakassering (1) og undervisning (1).

Ei utvald sak

Studentombodet har vært delvis involvert i saka om seksuell trakassering på Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet. Det er den eine saka som gir grunn til særleg merksemd i denne rapporten, og som gir grunnlag for strategiske anbefalingar til styret.

Det er klart at styret kjenner saka frå før, og det som blir trekt frem her gjeld berre eit lite utrag av den fullstendige saka. Slik det ser ut frå studentombodet sin ståstad er det derimot vesentlig at styret blir gjort merksam på at studentombodet meiner universitetet har eit klart forbedringspotensiale i handsaming av denne typen saker.

Universitetet i Bergen har tidelgare uttala i mellom anna BT at universitetet har nulltoleranse for seksuell trakassering og at studentane ikkje treng vere redd for å seie ifrå om denne typen saker. Studentombodet sitt inntrykk er at studentane per i dag har grunn til å la vere å seie ifrå om denne typen saker. Årsaka er at universitetet nyttar for lang tid på å etablere rammene for eige handlingsrom og at universitetet fortsatt ikkje har trygga læringsmiljøet til studentane på fakultetet.

Det første punktet studentombodet ynskjer å rette merksemd mot er korleis ei sak om seksuell trakassering meldt frå ein student blir handsama av universitetet. I denne saka er det mykje som tyder på at universitetet har klassifisert dette som ei såkalla «personalsak». Saka er i røynda ikkje det, det er ei sak om læringsmiljøet og arbeidsmiljøet ved det aktuelle instituttet. Subsidiært angår saka ein tilsett sitt arbeidsforhold, men det kjem i andre rekke.

Å klassifisere saker riktig er viktig for å halde greie på korleis sakene skal handsamast. Ei sak om læringsmiljøet skal sikre studentane sitt læringsmiljø med alle dei midlar ein har til rådighet. Det er for eksempel ikkje tilstrekkelig for universitetet å ikkje nytte eit lovleg handlingsrom dersom unnlating vil føre til at ein ikkje klarer å trygge læringsmiljøet. I denne saka har ein til dømes lagt vesentlig vekt på den tilsette sitt stillingsvern mens ein primært skulle lagt vekt på studentane sin rett til eit godt læringsmiljø. I røynda skulle universitetet fjerna den tilsette frå all kontakt med studentar, inkludert undervisning og tilgang til labb som blir nytta av studentar (inkludert stipendiatar). Kva konsekvensar

det ville fått for den tilsette sitt arbeidsforhold er underordna plikta til å ivareta studentane sitt læringsmiljø. Personalsaka må komme som eit resultat av læringsmiljøsaka. Om den tilsette ikkje lenger har høve til å utføre sine arbeidsoppgåver ved universitetet på grunn av at den tilsette ikkje kan ha kontakt med kvinnelige studentar kan det sjølv sagt få betydning for den tilsette sitt arbeidsforhold, men det kjem i andre rekke etter at institusjonen har trygga læringsmiljøet.

For det andre har sakshandsamingstida vore for lang. Den tilsette er per i dag endå ikkje fjerna i samsvar med merknadene i avsnittet over. Universitetet evnar difor etter studentombodet sitt syn ikkje å ivareta læringsmiljøet til studentane i samsvar med krava i universitets- og høgskulelova § 4-3. Ei sak om seksuell trakassering av slikt omfang som denne saka bør vere ferdig utgreidd og klar for handsaming i rett vedtaksorgan innan ein måned.

For det tredje har studentombodet møtt på utfordringar knytt til innsyn i saka, då universitetsdirektørens kontor handsama studentombodet sitt krav om innsyn. Sakshandsamingstida på innsynskravet var over fire gonger så lang som kravet i forvaltinga. Når studentombodet fekk vedtak frå universitetsdirektørens kontor var føresegna studentombodet viste til i forvaltningslova § 13 b første ledd nummer 2 og 3 ikkje syna til i vedtaket, universitetsdirektørens kontor hadde avslått innsyn i opplysningar på tross av at studentombodet hadde skriftleg samtykke til innsyn frå dei som opplysningane handla om, universitetsdirektørens kontor hadde ikkje førespurt dei opplysningane handla om, om dei ville oppheve vernet, i tråd med føresegna i offentleglova. Opplysningar studentombodet sjølv hadde gitt til universitetet var òg sladda.

Studentombodet opplevde ikkje sakshandsaminga ved universitetsdirektørens kontor som tilfredsstillande og i det konkrete tilfellet utviste universitetsdirektørens kontor manglande kompetanse om reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13 e og offentleglova.

På bakgrunn av dei tre punkta over vil studentombodet komme med strategiske anbefalingar til styret om handsaming av saker om seksuell trakassering og endring av studentombodet sitt mandat.

Strategiske anbefalingar

Studentombodet vil på bakgrunn av sakene som er handsama gi råd til universitetsstyret om forbetring av verksemda. I denne rapporten vil anbefalingane berre gjelde tiltak knytt til handsaming av alvorlege saker om seksuell trakassering og justering av studentombodet sitt mandat for å sikre at ombodet kan utføre sine arbeidsoppgåver utan hindring frå administrasjonen.

Handsaming av trakassering

I saker om trakassering som angår studentar (inkludert Ph.d.-studentar) anbefaler studentombodet universitetsstyret å flytte saksansvaret frå HR -avdelinga til studieavdelinga. HR bør sjølv sagt kunne bidra i saksarbeidet men det er vesentleg for studentombodet at alle involverte i saka forstår at det primært er ei sak om læringsmiljø og sekundært ei personalsak. Ikkje motsett.

Studentombodet vil òg minne universitet om at unnlating av å sikre at kvinner i røynda har like trygge rammer som menn i læringsmiljøet kan vere indirekte diskriminering av ei gruppe i strid med føresegna i likestillings- og diskrimineringslova. I ytste konsekvens kan slik unnlating bli oppfatta som problematisk i høve til Norge sine internasjonale forpliktingar stadfesta i menneskerettslova.

Mandatet til studentombudet

Studentombudet tilrår at mandatet endrast frå «Studentombudet har bare innsyn i den enkelte saks dokumenter i den grad studenten det gjelder har gitt samtykke til innsyn.» til «Studentombudet har innsyn i alle opplysninger som er nødvendig for å utføre sine oppgaver (jf. fvl. § 13 b. første ledd nummer 2 og 3).»

Årsaka til anbefalinga om endring er todelt. For det første kjem dagens føresegn i mandatet i konflikt med føresegna om studentombod i universitets- og høgskulelova § 4-17 andre ledd første og andre setning. Ved lovfesting av studentombodsordninga blei rammene for studentombudet sitt innsyn satt noko vidare av Stortinget enn det som går frem av dagens mandat. Samstundes blei det lovfesta at ombudet ikkje kan instruerast. Ei generell nekting av innsyn i mandatet er ein slik instruksjon.

For det andre opplevde studentombudet universitetsdirektøren sitt kontor si nekting av innsyn som svært inngripande i ombudet sin moglegheit til å utføre sine oppgåver, både etter mandatet og etter føremålet Stortinget la vekt på ved etablering av studentombod. I ei sak som gjaldt seksuell trakassering merka universitetet saka som «personalsak» og nekta innsyn. Stortinget på si side la vekt på at studentombudet skulle jamne ut maktubalansen mellom tilsette og studentane, særleg i saker om seksuell trakassering. Å halde tilbake opplysningar i ei sak er openbart ikkje i tråd med ein slik føresetnad.

Dagens føresegn i mandatet om hindring av innsyn er i praksis av liten verdi. Ombudet får samtykke til innsyn av studentane (ombudet fekk samtykke til innsyn i saka nemnt over av studentane). Likevel synes det som om administrasjonen ved universitetet på høgaste nivå har behov for ei klagjering av kva ombudet har innsyn i.

Det skal leggest til at endring av innsynsføresegna er noko fleira av studentomboda i Norge arbeider med. Den opphavlege føresegna er noko universitetet i Oslo etablerte i si tid, med klare linjer til amerikanske studentombod. I Europa og i Norge er ei slik løysing utan samanlikning. BI har som første norske institusjon etablert ei løysing som er i samsvar med norske forhold, og som i røynda er det same studentombudet anbefaler for Universitetet i Bergen.

MANDAT

Det er studentombudets oppgave å ivareta rettssikkerheten til studentene ved Universitetet i Bergen. Studentombudet skal være en uavhengig bistandsperson som skal gi studentene råd og hjelp der de har tatt opp eller vurderer å ta opp forhold knyttet til sin studiesituasjon.

Studentombudet skal påse at sakene får en forsvarlig og korrekt behandling, og at studentenes rettigheter blir ivaretatt. Studentombudet skal aktivt informere om sin funksjon til UiBs studenter, og bidra til å gi nødvendig opplæring til studenttillitsvalgte om studentenes rettigheter og plikter. Studentombudet skal bidra til at saker kan løses nærmest der de oppstår; dvs. på laveste mulige nivå i organisasjonen. Ombudet har selv ikke myndighet til å avgjøre saker, og er heller ikke klage- eller ankeinstans for saker som er behandlet og avgjort av andre enheter eller beslutningsorganer ved UiB.

Studentombudet skal årlig rapportere om sin virksomhet til rektor. Denne skal legges fram for Universitetsstyret som orienteringssak. Rektor orienteres fortløpende om spesielt alvorlige saker, eller saker som er av prinsipiell betydning. Studentombudet kan på eget initiativ også fremme slike saker direkte for Universitetsstyret.

Studentombudet skal selv avgjøre om hun/han kan bistå en student i en sak eller ikke. Det skal alltid gis en begrunnelse når ombudet avslår å bistå i en sak, og avslaget kan ikke påklages. Dersom studentombudet ikke selv kan bistå i en sak, skal ombudet henvise studenten videre til rette instans.

Studentombudet har bare innsyn i den enkelte saks dokumenter i den grad studenten det gjelder har gitt samtykke til innsyn. Studentombudet har taushetsplikt etter forvaltningslovens § 13 om alle forhold hun/han blir kjent med gjennom sitt virke. Verken studenter eller noe organ ved universitetet har innsynsrett i studentombudets saker.

Både studenter og ansatte skal kunne varsle studentombudet om kritikkverdige forhold knyttet til studiesituasjonen ved UiB. Det skal kunne varsles konfidensielt dersom det bes om det.

Studentombudet er organisatorisk plassert under HR-avdelingen. Det betyr at studentombudet har en uavhengig stilling i forhold til UiBs organisasjon.

Studentombudet har ikke instruksjonsmyndighet overfor enhetene ved UiB.

Det er kun universitetsstyret som kan treffe beslutninger om eventuell innskrenkning eller nedleggelse av studentombudets mandat.



Forslag til mandat for studentombudet ved Universitetet i Bergen

Det er studentombudets oppgave å ivareta rettssikkerheten til studentene ved Universitetet i Bergen. Studentombudet skal være en uavhengig bistandsperson som skal gi studentene råd og hjelp der de har tatt opp eller vurderer å ta opp forhold knyttet til sin studiesituasjon.

Studentombudet skal påse at sakene får en forsvarlig og korrekt behandling, og at studentenes rettigheter blir ivaretatt. Studentombudet skal aktivt informere om sin funksjon til UiBs studenter, og bidra til å gi nødvendig opplæring til studenttillitsvalgte om studentenes rettigheter og plikter. Studentombudet skal bidra til at saker kan løses nærmest der de oppstår; dvs. på laveste mulige nivå i organisasjonen. Ombudet har selv ikke myndighet til å avgjøre saker, og er heller ikke klage- eller ankeinstans for saker som er behandlet og avgjort av andre enheter eller beslutningsorganer ved UiB.

Studentombudet skal årlig rapportere om sin virksomhet til rektor. Denne skal legges fram for Universitetsstyret som orienteringssak. Rektor orienteres fortløpende om spesielt alvorlige saker, eller saker som er av prinsipiell betydning. Studentombudet kan på eget initiativ også fremme slike saker direkte for Universitetsstyret.

Studentombudet skal selv avgjøre om hun/han kan bistå en student i en sak eller ikke. Det skal alltid gis en begrunnelse når ombudet avslår å bistå i en sak, og avslaget kan ikke påklages. Dersom studentombudet ikke selv kan bistå i en sak, skal ombudet henvise studenten videre til rette instans.

Studentombudet har bare innsyn i den enkelte saks dokumenter i den grad studenten det gjelder har gitt samtykke til innsyn. Studentombudet har taushetsplikt etter forvaltningslovens § 13 om alle forhold hun/han blir kjent med gjennom sitt virke. Verken studenter eller noe organ ved universitetet har innsynsrett i studentombudets saker. [UiB skal gi Studentombudet innsyn i de opplysninger som er nødvendig for at Studentombudet kan utføre sine oppgaver etter universitets- og høyskoleloven.](#)

Både studenter og ansatte skal kunne varsle studentombudet om kritikkverdige forhold knyttet til studiesituasjonen ved UiB. Det skal kunne varsles konfidensielt dersom det bes om det.

Studentombudet er organisatorisk plassert under HR-avdelingen. Det betyr at studentombudet har en uavhengig stilling i forhold til UiBs organisasjon.

Studentombudet har ikke instruksjonsmyndighet overfor enhetene ved UiB.

Det er kun universitetsstyret som kan treffe beslutninger om eventuell innskrenkning eller nedleggelse av studentombudets mandat.